



RS-sak

Dato: 01.06.2017
Arkivsak: 2015/1426-17
Saksbehandlar: bjomidt

Svar på spørsmål om bompengar i Bergen og statlege bidrag

Spørsmål

I møte i fylkesutvalet 23. mai. 2017 stilte representanten Silje Hjeddal (FrP) følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

«I debatten rundt inngåelse av ny bymiljøavtale med tilhørende bompengesøknad er det blitt fremsatt en rekke påstander. Bl.a. at økte statlige tilskudd gir mindre behov for bompenger. Spørre ønsker derfor en oversikt over statlige bidrag til kollektivtrafikk/investeringer gjennom de siste årene, der det fremkommer/påvises hvordan evt. statlige bevilgninger har gitt lavere bompengenivå i Hordaland fylkeskommune.»

Svar frå fylkesordførar

Drift av kollektivtrafikken i Bergen og elles i Hordaland er finansiert gjennom bruk av fylkeskommunale midlar. Staten har dei siste åra bidratt med følgjande statlege tilskottsordningar gjeldande kollektivtrafikk:

- Tilskottsordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten i kommunar og fylkeskommunar (BRA midlar) – vart avvikla i 2015. HFK fekk tildelt kr. 560 0000 i 2014 og ikkje noko i 2015.
- Kollektivtrafikk i distrikta (KID - ordninga), som ikkje omfattar Bergen.
- Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i storbyområda, som gjeld for Bergen.


Det er belønningsordninga som utgjer det statlege bidraget til kollektivtrafikk/investeringar i Bergen dei siste åra, fordelt på to avtaleperiodar:

Avtale	År	Løyving i mill kr.	Ordinær løyving etter avtale	Ekstra løyving
Avtale 2011- 2014	2011	70	70	-
	2012	150	150	-
	2013	168	168	-
	2014	182	162	20
Avtale 2015 - 2018	2015	184	139	45
	2016	200	140	60
	2017	300	200	100
	2018	?	200	?

Som vist i tabellen ovanfor, har det statlege bidraget hittil vore relativt lite. Bompengetakstane har ikkje blitt justerte opp eller ned i høve til årleg løyving av belønningsmidlar. Det har heller vore slik at takstane i bomringen, gjennom tidsdifferensieringa, har vore nytta som eit restriktive tiltak for å få ned

personbiltrafikken.

Bompengeinntektene har auka år for år bortsett frå dei siste to åra. Illustrasjon frå årsmeldinga til Bergensprogrammet, 2016:



Det har ikkje vore slik at statlege tilskott til Bergensområdet har gjeve mindre behov for inntekter i bomringen.

I den nye bypakken for Bergen, 2018 – 2037, er det føresett eit statleg bidrag som er større enn bompengebidraget - 13,464 milliardar kr. mot 11,0 milliardar.kr. i bompengar. Behovet for bompengar i tida framover vil avhenga av det samla investeringsnivået i bypakken og av nivået på det statlege bidraget.